

Vedtekter for foreningen FAU ved Bokn skule

Revidert: 16.06.2021

§1—Foreldrerådet og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Alle foreldre som har barn ved skulen er medlemmer av Foreldrerådet. Foreldrerådet er foreldrerådets arbeidsutval (FAU) sitt øverste organ.

FAU skal fremme fellesinteresser til foreldra, vere bindeleddet mellom foreldra og skulen og jobbe for eit godt læringsmiljø for alle elevar. FAU har informasjonsplikt overfor alle foreldre. På vår skule informerer FAU foreldra på følgende måte: Det blir lagt ut referat frå møta på skulens offisielle informasjonskanal og på kommunens nettsider, og dei blir arkivert i skulen sitt arkiv.

§2—Val av Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. På vår skule vel vi FAU-representantane på følgende måte: Vi vel FAU-representantar for første trinn så tidlig som mogleg etter skulestart, i det første foreldremøte om hausten. For andre trinn til tiande trinn vel vi FAU-representantar i foreldremøte på våren, før neste skuleår. Det blir valt to representantar for kvart trinn eller samanslåtte trinn, representantane blir valt for eit eller to år for å oppretthalde kontinuitet.

Rektor og tidligare FAU-leiar sørger for opplæring av nye tillitsvalte.

§3—Konstituere FAU og val til andre utval

FAU konstituerer seg ved at FAU-representantane vel leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og to styremedlemmer. FAU vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet (SU). Leiaren for FAU skal vere den eine av representantane.

§4—Eventuelle komitear/fokusgrupper

FAU på vår skule skal ha følgende komitear/fokusgrupper: Blir vurdert av FAU.

§5—Møter

FAU har møte ca. 4 gonger i året. Fortrinnsvis mars, mai, september og desember. Ekstraordinære FAU-møter blir halde når 1/3 av medlemmene krev det. Møteleiing er leiaren sitt ansvar. Dette ansvaret kan bli delegert til nokon andre medlemmer, men agendaen skal alltid vere kjent for FAU-leiar og resten av FAU. På vår skule offentleggjer vi

innkallinga og møtereferata på følgande måte: Det blir lagt ut referat frå møta på skulens offisielle informasjonskanal og på kommunens nettsider, og dei bli arkivert i skulens arkiv. FAU er vedtaksdyktige dersom 2/3 av medlemmene er til stede.

§6—Oppgåver

FAU på vår skule skal jobbe med følgande oppgåver: Fremje fellesinteressa til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

§7—Økonomi

Bevillingar til FAU kan kun gis til formål som kommer alle skulen sine elevar direkte til gode. FAU har disposisjonsrett over midlar som kommer inn. Regnskap bli lagt fram på siste FAU-møte på våren.

§8—Teiepliktt

Foreldrerepresentanter er automatisk underlagt teieplikta. FAU skal ikkje behandle saker som dreier seg om enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforeldre eller skulen sitt personale.

§9—Konfliktar i FAU

FAU skal være eit samlande utval med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er høgde for ueinigheit og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konfliktar, må representantane halde seg saklege og ha alle elever i sentrum.

§10—Rektor si rolle

Rektor har ansvaret for å legge til rette for eit godt heim-skule-samarbeid. Det inneberer blant anna at rektor skal sørge for god kommunikasjon med foreldre, ikkje berre enkeltvis, men også gjennom FAU og andre utval. FAU er foreldra sitt organ, men det kan vere nyttig å få informasjon direkte frå leiinga på skulen. Dette styrer rektors deltaking på FAU-møter.

§11—Samarbeid mellom FAU og andre utval på skulen

FAU på vår skule skal samarbeide med Elevrådet og Samarbeidsutvalet (SU)/Skulemiljøutvalet (SMU).

§12—Endringar av vedtektene

Forslag til endringar i vedtektene må sendes skriftleg til FAU-leiar, seinast tre veker før neste FAU-møte. FAU behandlar innkomne forslag og informerer alle foreldra om føretatte endringar.